



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 19.01.2018  
Vår ref.: 2016/34887-12  
Saksbehandlar: torslin  
Dykkar ref.:

Att. Kari Kinden / Eva Sundal

## **Oppstart av planarbeid - Fv 28 Skånevik-Flesjo - Etne kommune - Resultat etter arkeologisk registrering**

Vi viser til tidlegare innspel om kulturminneinteressene i planområdet, samt påfølgjande korrespondanse knytt til arkeologisk registrering. Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Som det blei nemnt i attendemeldinga etter innleiande kulturhistorisk synfaring datert 23.06.2017, ligg tett med SEFRAK-registrerte bygningar og ruinar langs traseen. Planen sin verknad på nyare tids kulturminne og kulturmiljø krev utgreiing frå tiltakshavar i det vidare planarbeidet, med omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi.

Når det gjeld eldre, automatisk freda kulturminne frå mellomalder og forhistorisk tid, blei området kring garden Flesjo merkt ut til å ha stort potensiale for funn av hittil ukjente kulturminne under markoverflata. Det var difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få kartlagt kulturminneinteressene knytt til den planlagde traséen i desse areala. Den arkeologiske registreringa blei gjennomført i perioden 6. - 10. november 2017, og registreringa resulterte i funn av fire lokalitetar med forhistoriske kulturminne. Tre av desse består av områder med fossile avsviings- og dyrkingslag, som viser den forhistoriske ryddinga og påfølgjande dyrkingsaktiviteten på Flesjo allereie frå eldre jernalder. Den fjerde lokaliteten er definert på bakgrunn av 144 gjenstandsfunn, som relatert til høgda over dagens havnivå kan knytast til ein over 8000 år gamal buplass frå eldre steinalder.

### **Automatisk freda kulturminne**

Dei fire kulturminnelokalitetane som blei påvist i planområdet er registrert i Riksantikvaren sin database «Askeladden» med id. nr. 232047, 232049, 232050 og 232052. Desse er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4, første ledd.

Automatisk freda kulturminne med 5 m kringliggjande sikringssone fastsett i kml. § 6, skal etter hovudregelen bli vist som omsynssone «d» i plankartet, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 11-8 d (bandlegging etter kulturminnelova) og 12-6. Omsynssona krev avmerking med rutenettskravur i samsvar med sosikode H 730, og må bli følgd av reguleringsføresegner som sikrar omsynet til kulturminnet, jf. pbl. §12-7. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealføremål nemnd i pbl. § 12-5 som inneber inngrep.

Vi gjer merksam på at sikringssona på 5 m rundt dei automatisk freda kulturminna ikkje er tilstrekkeleg for å ivareta lokalitetane og den landskapsmessige konteksten dei optrer i, nær

områder med omfattende terrenginngrep. Ei vidare omsynssone «c» for bevaring av kulturmiljøet, jf. pbl. §§ 11-8 c og 12-6, må av den grunn omfatte meir enn lokalitetsavgrensingane. Omsynssone for bevaring av kulturmiljøet kring lokalitetane krev avmerking med skråstilt skravur i samsvar med sosikode H 570, og må bli følgd av reguleringsføresegner, jf. pbl. §12-7, som sikrar kulturminna eit framtidig vern mot utilbørleg skjemmaende nedbygging av nærområdet. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealføremål nemnd i pbl. § 12-5 som inneber inngrep.

Reguleringsføresegner som sikrar omsynet til dei automatisk freda kulturminna er følgjande:

*«Omsynssone H 730, bandlegging etter lov om kulturminne. I dette arealet ligg det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. ....). I omsynssone H 730 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørleg skjemma automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3».*

*«Omsynssone H 570, bevaring av kulturmiljø. I dette området ligg det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. ....). Omsynssone H 570 skal hindre varige eller mellombelse tiltak som er egna til å utilbørleg skjemma automatisk freda kulturminne, eller endre opphavleg landskapsmessig samanheng, jf. kulturminnelova § 6. Eventuelle tiltak må avklarast med kulturminnemynde».*

Vedlagt ligg rapporten med resultatata frå den arkeologiske registreringa, samt eit kartutsnitt frå Riksantikvaren sin database «Askeladden» med dei freda kulturminnelokalitetane avmerkte. Shape-filer med lokalitetane sin geometri blir oversendt pr. e-post.

Med helsing

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tore Slinning  
spesialrådgiver | arkeolog

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Multiconsult AS

Vedlegg

- 1 Rapport 31 2017 Fv 48 Skånevik-Flesjo, Etne
- 2 Lok i Askeladden